

Nettside

- Vindafjord kommune
- Omega Areal as

## Vedk.: Kunngjering på nett

Ber om at følgjande kunngjering vert teken inn på nettsida

Med venleg helsing

Omega Areal as

Kjerstina Særsten

e-post: [kjerstina@omega.no](mailto:kjerstina@omega.no)

---

## Varsel om oppstart av detaljregulering for Heggjo aust, del av gnr. 273 bnr. 2 m.fl. – Ølen, Vindafjord kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil me med dette informere om at Omega Areal as på vegne av Sjur Heggen skal utarbeide forslag til reguleringsplan for Heggjo aust, del av gnr. 273 bnr. 2 mfl. i Vindafjord kommune. Planområdet går fram av vedlagte kart. Varsel om oppstart er lagt ut på heimesida til Vindafjord kommune og på [areal.omega.no](http://areal.omega.no). Her finn ein og planinitiativet som vart sendt til kommunen i samband med førespurnad om oppstartsmøte, og referat frå oppstartsmøtet.


Området er i arealdelen til kommuneplanen i hovudsak sett av til byggjeområde for bustad. Ein del av tilkomstvegen til planområdet inngår i reguleringsplan for Øvrehagen bustadområde (planID 2000-105-03). Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av bustadar med tilhøyrande tilkomst.

Planarbeidet er i tråd med gjeldande kommuneplan, og er av Vindafjord kommune vurdert til ikkje å utløysa krav om konsekvensutgreiing (KU).

For nærare informasjon kan du kontakta Omega Areal as, tlf 975 40 000.

Eventuelle merknader til oppstart av planarbeidet kan sendast til **Omega Areal as, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg eller [areal@omega.no](mailto:areal@omega.no) - innan 25.04.2018.**

Etter at meldingsfristen er ute vil sjølve planforslaget verte utarbeidd og innsendt til kommunen. Etter første gongs handsaming vert planen utlagt til offentleg ettersyn. Det vil då vere høve til å komma med eventuelle merknader til planforslaget før endeleg handsaming av planen.




Oversiktskart

Stor nok til å levere,  
liten nok til å bry seg

Kvassanesvegen 4  
5582 Ølensvåg

Telefon 97 54 00 00  
Epost areal@omega.no

Internett areal.omega.no  
Org. Nr. 986 930 264



Utsnitt fra gjeldande kommuneplan for Vindafjord kommune 2017-2029, med planområdet avmerkt.